



Stord Undervannsklubb

Årsmelding 2023

Styret for 2023

Leiar: Lars Haugland Almås
Nestleiar: Tobias Hukset

1. Styremedlem: Gunnhild Litlabø
2. Styremedlem: Julia Helland
3. Styremedlem: Severin Birkeland

1. Varamedlem: Atle Barsnes
2. Varamedlem: Bjørn Eilertsen

Valkomité

Leiar: Martin Hamre
Medlem: Kristoffer Danielsen
Medlem: Bjørn Birkeland
Varamedlem: Kenneth Frafjord



Revisorar

Inge Utbjøe
Reidar Kvalvik

Klubben sine utval og undergrupper

Økonomiansvarlege

Lars H Almås og Atle Barsnes, samt styret.

Sekretær

Severin S. Birkeland

Båtansvarlege

RIB'en: Lars H Almås

Kobben: Bjørn H Eilertsen

Fridykkargruppa

Kristoffer Danielsen, Inge Strauss, Lars H Almås, Ole Knut Urdal, Andreas Kringeland

Kurs- og sikkerhetsgruppa

Lars H Almås og Atle Barsnes

IT-Ansvarleg

Ida Helene Hvitsand

Kodeansvarlege

Atle Barsnes

Utstyrsansvarleg

Lars H Almås

Heimeside og Facebook

Ida Helene Hvitsand, Kristoffer Danielsen, Lars H Almås



Medlemmar i 2023

Maximedlem: 26

Hovudmedlem: 15

Barn- og ungdomsmedlemmar: 30

Æresmedlemmar: 4

Totalt medlemstal: 75

Styrets beretning for 2023

Møtevirksomhet

Det har vert heldt 4 styremøte og 3 arbeidsmøte i 2023

Medlemsmøte

Det har ikkje vert heldt noko medlemsmøte i 2023

Utsendingar

Lars H Almås representerte Klubben på NDFs leiarmøte. Atle Barsnes møtte som leiar i lovkomiten til NDF.

Dykketurar

Det har ikkje vært heldt noko turar i regi av klubben, men båtane har vert i bruk på private turar samt kompressor logen viser til god aktivitet. Styret oppfordrar medlemmane til å samla aktiviteten i klubb regi

Arrangement

Klubben stilte på Folk i Sentrum med stand.

Dugnadsarbeid

Klubben har gjennomført to ryddeaksjonar i løpet av året.

Tysdag 13. juni var ein gjeng på om lag 15 personar samla i Sponavikjo. Fridykkerar tok seg av stranda og sjøen, mendan ein del søsken og foreldre var med og rydda på land. Sjølv om det var noko begrensa sikt, vart det dratt opp ein god del søppel og deltakarane var godt nøgde med resultatet. Etter at jobben var gjort vart det sett av tid til sosialt samvær med kaker og brus.



Laurdag 7. oktober arrangerte Stord Undervannsklubb ryddeaksjon i gjestehamna i Leirvik sentrum. Over 30 personar deltok i aksjonen, og det vart rydda både over og under vatn.

Mannskapet på land fekk det travelt med å lempa opp rusk og rask som dykkarane plukka med seg. På så og seia kvart dykk var det noko å finna, både stort og smått. Det vart blant anna funne ei jakke, handlevogn, skateboard, mobiltelefon, «gullklokke», sparkesykkel og eit sertifikat. Likevel var det mest flasker, blikkboksar og ikkje minst bildekk som vart rydda opp. Etter om lag to timar i vatnet hadde dykkarane fått opp over 30 bildekk og andre gjenstandar som til saman fylte over ein halv konteiner.

Å arrangera ein ryddeaksjon er både sosialt og meningsfylt. I strålande solskinn var det også mange skodelystne som tok turen innom hamna og slo av ein prat. Etter fullført dykk koste gjengen seg med kaffi, brus og kjeks, medan dei ivrig la planar for neste ryddeaksjon!

Klubben har hatt godt samarbeid med hanmestellet på Stord, og fekk nytta fasilitetane i hamna i samband med aksjonen. Redningsselskapet stilte med båt for å passa på dykkarane og Rangsell's ordna levering og tømning av konteineren.

Klubblokalet

Klubblokalet har blitt brukt til å halda styremøte og arbeidsmøte. Leiga av lokale var på kr 10000 i 2023, frå og med 01.01.24 er denne leiga frafalt. Det er og moglegheit til å leige lokalet i samråd med styret.

Kompressoren / Flaskebanken

Kompressoren fekk nytt filter 31.03.23. ein av kranane har vert ute avdrift, denne vil bli reparert i 2024 det var 128 fyllingar i 2023.

NB! Hugs å sette på kompressoren etter at du har fylt, slik at det er toppa flaskebank til den neste som skal fylle.

Båtane

Kobben har fekk nye tau og redningsvestar til å ha ombord i 2023.

Ribben har vert nytta til noen private turar.



Kommunikasjon

Heimesida til klubben, www.stordundervannsklubb.com

Klubben har ein Facebook side og ein gruppe "Gruppa for Stord Undervannsklubb", dei to sidene vil inntil vidare vera tilgjengeleg. Me har også ein Instagram konto.

Fridykkargruppa

Det har vert heldt 70 treningar i 2023.

SUK-UVRugby

I 2023 avholdt klubben junior NS2 cup for første gang, arrangementet var vellukka og klubben vart oppfordra til å stilla i 2024. Juniorane stilte og på NM i Egersund. Det vert heldt treningar søndag kl. 17-18, samt kl. 21-22 på måndag.

Kursavdeling

Det har ikkje vert avholdt noko kurs i 2023

Økonomi

Økonomien til klubben er stabil og god. Klubben sine driftsinntekter har auka med 87.925,- kr., medan driftskostnadene har auka med 54.950,- kr. i forhold til årsrekneskapen for 2022. Når vi legg til finansinntekter (kredittrenter) og finanskostnader (gebyr etc.), blir det totale årsresultatet for 2023 ca. 39.037,- kr.

Auka inntekter og utgifter for 2023 kjem av den høge aktiviteten i fridykking og undervannsrugby. Desse to grupperingane har tilført klubben ein god del gåver og tilskot, samstundes som uv-rugbyturneringar og auka treningsmengd i basseng har medført auka utgifter til bassengleige. Ved deltaking i andre sine turneringar, har spelarane nytta eigenandeler, men klubben har også motteke nokre kostnadsdekningar. I tillegg har gruppene fått inn 5.000,- kr. i dugnadsinnsats (fotokonkurranse).

Når det gjeld apparatdykkaktiviteten, har lågare aktivitet i 2023 enn i 2022, ført til lågare inntekter på luftfylling, og på dykketurar med klubben sitt båtmateriell. Vi har faste utgifter og vedlikehald av kompressor, leige av båtplassar, og forsikringsutgifter knytt til anlegga våre.

Medlemskontingenten har gått noko ned i 2023. Dette gjeld for Hovedmedlemmer og Barn-og ungdomsmedlemmer. Maximedlemmer har auka med ett medlem. Klubben treng å styrka medlemstalet, både når det gjeld ungdom, fridykking og undervannsrugby. Det same gjeld talet på apparatdykkarar. Klubben vil oppfordra alle medlemmane sine å delta i rekrutteringsarbeidet til dei ulike aktivitetane vi har.



Samla disponible midlar utgjorde ca. 478.649,- kr. ved årsslutt.

Båtplassene våre i ESS er verdsett til ca. 217.511,- kr for begge, prus justert 2024. Totalt vert eigenkapitalen vår pr. 31.12.22 ca. 696.160,- kr. Båtane våre er tilsaman forsikra for ca. 650.000,- kr., som for tidlegare år. I tillegg kjem verdien av utstyret i kompressorrommet, inkl. kompressor, flaskebank m/fyllepanel og dykkeflasker.

NB! Skulle de også kjenne til aktuelle sponsorar, er vi glade for å få tips. Vi oppfordrar dessutan medlemmer, familie og vener som brukar Norsk Tipping, til å registrera Stord Undervannsklubb som sin mottakar av Grasrotandelen.

Dykk sikkert, dykk i klubbregi!

Styret ser tilbake på eit år med god aktivitet. Det har ikkje dukka opp uforutsette saker som styret har måtta handtert. Det har heller ikkje vore meldt inn uønskt hendingar i forbindelse med dykking i klubben sin regi, eller ved privat dykking blant medlemmene.

Miljøet og samhaldet mellom dei aktive medlemmene oppfattast som godt.

Styret takkar alle som er med på å driva klubben framover, gjennom dugnadsinnsats, handtering av ansvarsoppgåver og generell hjelp og støtte!

Dykkehelsing frå Styret i Stord Undervannsklubb.



Leiar:

Dato/sig.

Nestleiar:

Dato/sig.

1. Styremedl:

Dato/sig.

2. Styremedl:

Dato/sig.

3. Styremedl:

Dato/sig.

1. Varamedl:

Dato/sig.

2. Varamedl:

Dato/sig.

